



Riksantikvaren
Postboks 8196 Dep.
0034 OSLO

Dato: 14.01.2015
Vår ref.: 2014/21447-4
Saksbehandlar: helmoe_
Dykkar ref.:

Prosjekt Bryggen. Statsbudsjettet 2015, kapittel 1429 post 79 verdsarv. Søknad om midlar for 2015 og rapportering for 2014.

I tråd med budsjettframlegg for 2015 ber Hordaland fylkeskommune om overføring av midlar til Prosjekt Bryggen.

I brev frå Riksantikvaren av 21.11. 2014 om tilskota for freda bygg i privat eige, står det at det er høve til å nytte den nye tilskotsmodulen i Askeladden òg for bygningar under post 79 verdsarv. Hordaland fylkeskommune har vald å sende inn hovuddelen av budsjettframlegget for Prosjekt Bryggen i 2015 gjennom tilskotsmodulen. Dei budsjettpostane i Prosjekt Bryggen som ikkje kan leggest inn i Askeladden, kjem fram av vedlegg til dette brevet.

TILTAKA I 2014. OVERFØRTE MIDLAR TIL 2015

For 2014 er tilskot og utbetalingar i 2014 samt overføringar frå det eine året til det andre lagt inn i Askeladden der det er mogeleg. For postar som ikkje kan leggest inn i Askeladden, er beløpa rapportert inn i excelskjemaet Askerappen og sendt separat.

For ordens skuld vil vi understreke at det tidleg i 2015 vil bli utbetalt midlar for arbeid som ble utført i 2014, etter at rapportering er motteken og godkjend. Nedanfor omtaler vi berre dei overførte midlane som kan brukast til arbeid som skal utførast i 2015, det er òg desse disponible midlane som er nemnd i vedlegget til dette brevet.

Årsrapporteringa i Prosjekt Bryggen er 15. januar – det er av omsyn til dei store istandsettingstiltaka ikkje mogeleg å ha den tidlegare – så ein del av dei beløpa som nemnast i vedlegg til dette brevet er prognosar frå desember 2014. Dei nøyaktige tala på forbruk i 2014 og disponible midlar overført til bruk i 2015 får ein først etter handsaming av årsrapporteringane, desse blir ettersendt til Riksantikvaren.

PB-100 Istandsetting

For det pågåande istandsettingstiltaket på bygningane Ba og Bb i Bugården (2013 – 2015) skuldast overføringar av ubrukte midlar frå 2014 dels at tiltakshavar før tilsegn for 2014 fekk signal om at ein kunne forvente ei vesentleg lågare ramme for 2014 enn det som var omsøkt, og difor leigde ut handverkarar dei første månadene av året, og dels to langtidssjukemeldingar seinare på året. I høve til tidlegare langtidsbudsjett og framdriftsplan blir difor forventanta ferdigstilling skjøve frå sommaren 2015 til utgangen av 2015, og ein får reduserte kostnader i 2014 og auka kostnader i 2015. Her legg fylkeskommunen opp til å overføre dei ubrukte midlane i 2014 til det same istandsettingstiltaket i 2015, for å mogeleggjere ei ferdigstilling innan utgangen av 2015.

For den pågåande istandsettinga av bygning 7d i Bellgården (2011 – 2015) er det lite arbeid som står att før bygningen er ferdig sett i stand. Bygningen var planlagt ferdigstilt sommaren 2014, men etter at ein av eigarane omkom sommaren 2014 blei arbeidet trappa ned i ein periode. Tiltakshavar har satt forventa ferdigstilling til våren 2014.

Her skal nemnast at tiltakshavar for bygning 7d i Bellgården i tillegg til å søke om tilskot for arbeid i 2015 òg har søkt om 6,1 millionar kroner over budsjettet for 2015 for å dekke overforbruk ut over gitte tilskot for åra 2011, 2012 og 2013. Søknaden er vedteken avvist, sjå kopi av brev som tidlegare er sendt i kopi til Riksantikvaren, og beløpet er ikkje med i vårt framlegg til ramme for Prosjekt Bryggen i 2015.

For det pågåande istandsettingstiltaket på sju bygningar i Svensgården (starta i 2006) skuldast overføring av ubrukte midlar frå 2014 hovudsakeleg at tiltakshavar ikkje har fått utarbeida tre sluttrapportar for bygningar som er ferdige i «fase 2, istandsetting uansett bruk». Midlar som tidlegare er øymerka desse sluttrapportane blir overført til 2015. Av dei sju bygningane i dette tiltaket er tre bygningar ferdige i «fase 2» og ein bygning er så godt som ferdig i «fase 2» (ytterlegare arbeid må utsettast til ein er ferdig med den eine nabobygningen). Dei fire bygningane som no har overordna TG1 i Askeladden er 4b, 4c, 4d og 5b. Tiltakshavar har ikkje starta arbeid på bygning 5c. For bygningane 4a og 5a står ein ovanfor eit omfattande arbeid i åra framover, og med unntak av det som gjeld fundamentet for bygning 5a må tiltakshavar få utarbeidd ferdig forprosjekt og planar, inklusive dispensasjonssøknad.

PB-200 Sikring og prosjektering

Under PB-200 står det att leit lite beløp som vil bli overført til 2015, dels som øymerka midlar og dels som midlar som kan omdisponerast dersom det er ønskjeleg. Dette gjeld postar for felles brannsikring og ein brannteknisk risikoanalyse.

For dei andre tiltaka under PB-200 i 2014, bygning 4g og bygning 6-7c, er tilskota brukt og utbetalt.

PB-500 Fellesoppgåver

Under PB-500 står det att eit lite beløp frå PB-505 tilstandsvurdering som vil bli omdisponert til eit anna tiltak i Prosjekt Bryggen.

PB-800 Administrasjon

Under PB-800 står det att øymerka midlar til kjøp av konsulentteneste, desse blir overført til 2015 som øymerka midlar. Oppdraget for konsulentfirmaet tok til hausten 2014 og blir ferdig våren 2015.

Generelt

For Prosjekt Bryggen blir det rapportert på utført arbeid og forbruk fleire gongar årleg til den operative styringsgruppa, kor fire av dei seks medlemmene er tilsette hos Riksantikvaren. Budsjettrammer på overordna nivå blir òg drøfta i den operative styringsgruppa. Eit par av dei punkta som Riksantikvaren i sitt brev av 21.11. 2014 ber fylkeskommunane om å gjere greie for, blir difor berre kort skissert nedanfor:

- Kapasiteten på kvalifiserte handverkarar er god. Hordaland fylkeskommune vil understreke at det er særskild viktig at denne kapasiteten blir halde oppe.
- Når det gjeld kapasiteten på kvalifiserte arkitektar, som i Prosjekt Bryggen er viktig, har dette i periodar vore ei utfordring for ein skilje av dei private eigarane. Vår vurdering er at kapasiteten på kvalifiserte arkitektar per i dag er tilfredsstillande, men at det er meir sårbar i høve til at kapasiteten kan endre seg. For dei private eigarane sin del hadde det dessutan vore ein fordel om arkitektane var meir direkte involvert i den budsjetteringa og rapporteringa av framdrift som sendast inn.

SØKNADEN FOR 2015

Budsjettframlegget for 2015 har utgangspunkt i ei løyving frå post 79 på 15 millionar kroner, til dei postane i Prosjekt Bryggen som blir fordelt av Hordaland fylkeskommune: PB-100 istandsetting, PB-200 sikring og prosjektering, samt einskilde av postane under PB-500 fellesoppgåver og PB-800 administrasjon. Dei midlane i Prosjekt Bryggen som blir fordelt av Riksantikvaren, inklusive einskilde av postane under PB-500 og PB-800, er ikkje ein del av budsjettframlegget.

Til grunn for budsjettframlegget ligg at ubrukte midlar i tiltaka i 2014 blir overført til bruk i 2015, dette gjeld i i all hovudsak PB-100 istandsetting.

Totalbeløp for dei mottekne søknadene samt framlegg til ramme for 2015 kjem fram av vedlegg til dette brevet.

Også i 2015 blir det gitt ei generell prioritering til istandsetting framfor sikring, under føresetnad av at dei aktuelle istandsettingstiltaka kan vise til ein god og effektiv intern organisering, og til god planlegging, gjennomføringsevne og framdrift. For pågåande istandsettingsprosjekt vil det bli prioritert å få ferdigstilt einskildbygningar.

Prioriteringane er lagt inn i tilskotsmodulen i Askeladden.

Det har i ein periode vore tre parallelle istandsettingstiltak i Prosjekt Bryggen. I samråd med den operative styringsgruppa leggst det frå og med våren/sommaren 2015 opp til at ein går tilbake til å ha to parallelle istandsettingstiltak, dette for å få ei betre utnytting av dei disponible midlane. Vi vil understreke at det *ikkje* er eit signal om eit redusert behov for midlar til istandsetting og sikring av verdsarvstaden Bryggen. Behova og oppgåvene ein står ovanfor er store og komplekse, og vil vere det i ei årrekke framover.

Det ligg an til at ein kan starte eit nytt istandsettingstiltak i løpet av 2016. For 2015 blir difor søknader om gjennomføring av forprosjekt for istandsetting handsama parallelt med søknader om tilskot til istandsetting og sikring. Det er lagt opp til at det i 2015 skal settast av midlar til gjennomføring av eitt eller fleire forprosjekt for istandsetting, og til start av eller gjennomføring av forundersøkingar og detaljprosjektering for *eitt* nytt istandsettingstiltak. Om forundersøkingane og detaljprosjekteringa gjerast heilt ferdige i løpet av 2015, vil bli klarlagt under gjennomføringa av forprosjekta.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Bergen kommune Postboks 7700 5020 BERGEN